



Helse Fonna HF
v/Vidar Støyva, Enhetsleder Eiendom
Internservice Område
Postboks 2170
5504 HAUGESUND

Dato: 27.01.2014
Vår ref.: 2014/699-7
Dykkar ref.:

Førespurnad om sletting av tinglyste hefte på gnr 183 bnr 44 på Handeland i Kvinnherad kommune.

I 2004 kjøpte Geir Rusten ein nausteigedom av Hordaland fylkeskommune på Handeland i Kvinnherad kommune. Eigedomen vart deretter frådelt Handeland gard, gnr. 183 bnr. 1, og den nye parsellen vart oppretta som gnr. 183 bnr. 44. Skøyte vart tinglyst den 02.04.2009.

Ved innføring av ein ny eigedom i grunnboka vert tinglyste pengehefte på hovudbruket automatisk overført til det nye bruksnummeret.

Dette skjedde også her. På gnr. 183 bnr. 1, Handeland gard, er det tinglyst ein avtale om bruksrett til Dagturhytta i Handelandsdalen og ein avtale om leigerett til Ingeniørhytta, Speidarhytta, hytte i Olderbotn, Handelandshytta og Svartatjødn Brakke. Rettshavar er Helse Fonna HF.

Desse tinglyste rettane vart såleis overført frå gnr. 183 bnr. 1 og til nausteigedomen gnr. 183 bnr. 44.

- Vedlegg 1: Grunnboksutskrift for gnr.183 bnr. 44
- Vedlegg 2: Kopi av tinglyst avtale om bruksrett til Dagsturhytta
- Vedlegg 3: Kopi av tinglyst leigekontrakt til 5 fritidsbustader

Då ingen av dei aktuelle hyttene ligg på gnr. 183 bnr. 44, ber vi om at dei to avtalane vert sletta for denne eigedomen. Slettinga vil kun gjelde for gnr. 183 bnr. 44 og ingen av dei andre eigedomane som avtalane er tinglyst på.

Vi ber difor om at vedlagte erklæring om sletting vert signert og returnert til oss. Vi vil så sende erklæringa til Statens kartverk, Tinglysing.

- Vedlegg 4: Erklæring om sletting
- Vedlegg 5: Kart over Handeland

Eventuelle spørsmål kan rettast til Guro Klyve på tlf. 55 23 95 13 eller e-post guro.klyve@hfk.no.

Helge Haavardtun
eigedomssjef

Guro Klyve
stabsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.